

# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 7 - Sept. 1973 -  
6. årg.



Foto: John Tesdal

Ein liten sandkasse eller ei huske kan gjøre stor lukke i barneverda. For barnet er leiken livsviktig som arbeidet for oss vaksne. I byen eller bygda treng vi difor ikkje berre arbeidsplassar, men også leikeplassar, trygge leikeplassar. Gjennom leiken utviklar barnet seg, gjennom leiken kjem det i kontakt med andre born, gjennom leiken finn det seg sjølv.

I dei siste åra er samfunnet blitt meir og meir merksam at vi også har borna å ta om-syn til når eit bustadmiljø skal planleggjast. Det er stadig blitt fleire leikeplassar og dagheimar. Men vi treng framleis langt fleire.

Arna kyrkjelyd sin dagheim i Indre Arna er no komen i gang. Dei starta opp først i september. Eit prisverdig og velkome tiltak er det, som vi ynskjer både foreldre, born og dei tilsette ved dagheimen til lukke med.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna

Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad.

Harald Haugsvær, Tor Storerud, Gunlaug Bøyum

Forretningsførar: Thor Storerud, Indre Arna

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

## NOKON SOM ER GLAD FOR KYRKJELYDSBLADET

Det gled oss sjølv sagt når vi høyrer at folk set pris på kyrkjelydsbladet, og gled seg til å lese det.

Ei spesiell oppmuntring var det hin dagen då vi tok mot eit lite brev frå ei som gjerne ynskte å gje uttrykk for dette i lyrisk drakt. Og her kjem det:

*Velkommen, vesle kyrkjeblad du er  
Hjå deg så mang ei kosestund eg fær  
Der kan eg sjå det som mitt liv gjev verd  
og kva som meinингa er med livet her.*

*Eit lite ord or Herrens store bok  
som eg har grunna på her gjer meg klok.*

*Ei ungdomsvon når dei til kyrkja går  
og der av presten si velsigning får.*

*Eit lite barn som dei til dåpen bar  
som største lukka er for mor og far.*

*Ein ven som borte er og no hjå Gud  
frå strev og møya der kan kvila ut.*

*Ei gamal trøytt og sliten mor  
som no syng med i himlens store kor.*

*På første sida fargen den er grønn  
Den minner om ein vårmorgon så skjønn  
Difor eg ynskje vesle blad du må  
i mange heimar alltid inngang få.*

IAK

## KVAR ER DU?

— *Og dei høynde Herren Gud som gjekk i hagen, då det leid mot kvelden og tok til å svalna. Og Adam og kona hans løynde seg for Guds augo mellom trea i hagen. Då ropa Herren Gud på Adam og sa: Kvar er du? —. 1. Mosebok 3, 8—9.*

Mennesket er av naturen redd Gud, redd for å komme i nærleiken av han. Mennesket er redd fordi det bevisst eller ubevisst kjenner at forholdet til Gud ikkje er som det skal vere. Denne kjensla er ikkje innbildung, ho er ein realitet og ein färleg realitet. Mennesket søker å göyme seg for Gud fordi det har vore ulydig. Når Gud ropar, er første tanken å flykte, kome seg bort. Det gjorde Adam og kona hans. Det har også etterkomarane deira gjort. Guds nærvær i hagen var ubehageleg for Adam. Å stå ansikt til ansikt med nokon som har noko uteståande med oss er ikkje så kjekt, ein slik situasjon vil vi helst unngå. Enno mindre behageleg er det for ein syndar å stå ansikt til ansikt med den heilage og allvitande Gud som ikkje noko kan løynast for.

Men Gud ropar: Kvar er du? Då er det å anbefale at vi stansar opp og let hans skarpe lys falle ned over oss, sjølv om det er eit ubehageleg lys. Det er best at vi ikkje flyktar frå oppgjeret. Når Gud kallar oss fram, er det ikkje berre for å avsløre oss, og så

la oss gå vår veg. Gud ropar for å berge. Først må synda avslørast, så kan ho fjernast. Og det gjer Gud når vi sannar syndene våre. Då er han trufast og rettferdig så han tilgjev oss syndene våre og reinsar oss frå all urettferd, seier Ordet. Slik kan det fortrulege forholdet til vår skapar bli gjenopprettet. Slik kan det heile snu seg frå ei plagsom og fårleg flukt bort frå Gud til det rakt motsette: at Gud blir vår tilflukt. Difor ropar han også på oss, fordi han vil samfunn og fellesskap med oss.

IF

## PRAKTIKANT TIL DAGHEIM

Ved Arna Kyrkjelyd sin dagheim, Indre Arna i Bergen er plass ledig for mannleg/kvinnleg praktikant snarast.

Institusjonen som vert dreven på kristent grunnlag er ny-åpna.

Løn kr. 600.- pr. mnd.

Praksistida gjeld for opptak til vidare utdanning.

Den som vert tilsett må leggja fram godkjent helseattest.

Søknad med attestar vert å senda dagheimstyrar Torgunn Fredriksen, Høgatun, 5260 Indre Arna.

## FØRSKULELÆRAR

Ved Arna Kyrkjelyd sin dagheim, Indre Arna i Bergen er det ledig stilling for ein førskulelærar for snarleg tiltreding. Institusjonen er nyleg åpna — og han vert driven på kristent grunnlag.

Den som vert tilsett må leggja fram godkjent helseattest av ny dato. Tilsetjinga gjeld på dei til kvar tid gjeldande avtaler.

Stillingen er løna i det off. reg. kl. 10/13.

Søknad med rettkjende attestar vert å senda form. i styret, Jens K. Hauge, 5233 Haukeland, innen 3. oktober d.å.

## KATEKETEN HAR ORDET

Vi repeterer katekisma

1. bodet: Du skal ikkje ha andre gudar en meg!

Vi vil leva som Guds born, må vi leggja vinn på å gjera det Gud vil. Gud har lært oss sin vilje gjennom si lov. Moses fekk lova i ti bod. Guds bod gjeld ikkje berre Israelsfolket, men alle som vil leva livet sitt i samsvar med Guds vilje.

Guds bod er fyrlys på livsvegen. Dei hjelper oss til å halda rett livskurs. Vi gjer vel i å merka oss at det er han som har gjeve oss livet, som og har gjeve oss dei ti boda. Han veit best korleis livet skal levast og kva det skal brukast til.

Mange av boda har Jesus forklara oss i bergpreika, og i katekisma har Luther sett ei forklaring til kvart bod.

Det første bodet gjeld vårt forhold til Gud. Gud vil ha førstepllassen i livet vårt: Du skal ikkje ha andre gudar enn meg! I forklaringa til dette bodet seier Luther: Vi skal ottast og elska Gud over alle ting og lita fullt og fast på han.

Frå bibelsoga kjenner vi til at Israelsfolket dyrka andre gudar. Det gjorde dei når dei var komne på fråstand frå Gud og ville gå sine eigne vegar. Då Moses kom ned frå Sinai-fjellet med lovtavlene, tilba dei ein dyrefigur. Men det gjekk alltid dette folket ille når dei

ville finna seg andre gudar.

I dag dyrkar vi ikkje gudar av same slag som Israel. Men ofte lit vi neir på jordisk eide dom og på oss sjølvé enn på Gud. Dette gjer vi enda vi veit at korkje det vi eig eller vi sjølvé kan hjelpe når det retteleg røyner på. Det kan einast Gud. Til han får vi gå med alle ting: Kast all dykkar sut på han, for han har omsut for dykk. 1. Pet. 5,7.

Når vi så veit at Gud vil ha førsteplassen i livet vårt, må vi gjeva han denne plassen. Men det må ikkje verta ei tung plikt for oss dette. Rett nok skal vi ottast Gud, men vi får og lov å elskar han. Møter vi Gud berre som lovgjevar og dommar, vert det å gjera hans vilje berre trældom. Møter vi Gud gjennom Sonen, Jesus Kristus, vert det å gjera hans vilje eit uttrykk for djup takkseiing til han som tek seg av oss og gjev oss syndforlating og evig liv..

«Den som har boda mine og held dei, han er det som elskar meg». Joh. 14.

Første bodet ber og i seg ei utfordring til å驱ra kristen misjon. Gå ut i all verda og forkynn evangeliet, sa Jesus. Alle må få vite at Gud vil ha førsteplassen i livet deira.

Til ettertanke: Har Gud «førsteplassen» i ditt liv?

h.

# Familieside



## Arna sokn

### Døypte:

- 11.8 Geir, for.: Erik Skarstein—Aud, f. Johannessen.  
14.8 Fredrick, for.: Birger Magnus Havre—May Irene, f. Hansen (Salhus).  
18.8 Linda Kristine, for.: Ingolf Johan Olsen—Jorunn Signe, f. Methlie.  
18.8 Christina, for.: Børge Angeltveit—May Helen, f. Alvheim.  
18.8 Hege, for.: Tore Pedersen—Grethe Odny, f. Overøie.  
18.8 Jane, for.: Agers Hjertås—Laila Karin, f. Vågenes.  
18.8 Are, for.: Ragnvald Håvås Samsonsen—Ellen Johanne, f. Thune.  
18.8 Morten, for.: Per Johannes Sørbø—Elly, f. Herland.  
18.8 Helmik, for.: Geir Askeland—Marit Signe, f. Larsen.  
19.8 Sigurd, for.: Magne Johannes Wik—Ingrid, f. Herfindal.  
23.8 May Brith, for.: Jan Reidar Hvedding—Sidsel, f. Berntsen (Korskirken).  
25.8 Hilde-Merethe, for.: John Mosaker—Ellen Johanne, f. Løbrot.  
25.8 Inger Merete, for.: Dagfinn Litland—Bodil Marta, f. Hella.  
25.8 Morten, for.: Gunnar Jacobsen—Karen Margrethe, f. Blom.  
2.9 Klara, for.: Asbjørn Rygg—Magnhild Kirsten, f. Hausvik.  
2.9 Kevyn Thomas, for.: Alan Shivers Foust—Kari, f. Stephanse.  
2.9 Ted Walter, for.: Johnny Gerhard Johnsen—Torill, f. Hansen (Nykirken).  
8.9 Birthe, for.: Sondre Nordbø Lundevik—Ann Irene Kleppe Lundevik, f. Kleppe.  
9.9 Jorunn Grete, for.: Odd Sortland—Randi, f. Angelshaug.

# Familieside



### Vigde:

- 18.8 Svein Erik Eriksen og Tone Opedal.  
18.8 Kurt Nævdal og Randi Opedal.  
18.8 Jan Tore Klovland og Turid Anthun.  
25.8 Oddvar Martin Træen og Signe Marie Hatlem, (Slettebakken).  
25.8 Svein Waage og Sølvi Songstad (Fitjar).  
8.9 Magne Aarøy og Solveig Hol.

### Avlidne:

- 22.8 Gregorius Jensen Mjeldheim, f. 1898.  
23.8 Hilda Romslo, f. 1884.  
29.8 Anna Lid Strand, f. 1884.  
29.8 Peder Ingolf Frantzen, f. 1903.  
1.9 Kåre Brekke, f. 1920.  
6.9 Karl Mjeldheim, f. 1901.

### Ytre Arna sokn

### Døypte:

- 19.8 Frank, for.: Jann Eistein Sæther—Lisbeth, f. Grønsdal.  
19.8 Christine, for.: Jan Lillestøl—Solfrid Marianne, f. Fjelde, (Biskopshavn).  
26.8 Geir, for.: Gunnar Otterstad—Bjørg, f. Kvammen.  
26.8 Sigurd, For.: Lars Sigbjørn Opheim—Audhild Gunvor, f. Abbedissen.  
2.9 Mette, for.: Dag Harald Håven—Marion Kristin, f. Ruus (Arna).  
9.9 Hege Christine, for.: Thor Lien—Tone Kjersti, f. Krogh Albertsen.

### Vigde:

- 1.9 Bjørn Johan Ruud Olsen og Marta Hirth.

### avlidne:

- 14.8 Gerda Berg, f. 1901.  
26.8 Anna Halland, f. 1909.  
2.9 Håkon Vik, f. 1911.  
9.9 Sofie Birkeland, f. 1891.

# Ungdomsside



## På skolebenken i sommerferien

— Den som reiste på lederskolen for å slappe av siste uka av skoleferien, ble nok skuffet. For her var det hard jobbing fra tidlig morgen til langt ute over dagen.

Det er Sven Gunnar Hansen som forteller dette. Han var en av de fem fra Arna som brukte litt av skoleferien til å utdanne seg til ungdomsleder. Kurset ble holdt på Ungdomsheimen på Kvamskogen og det var Norges kristelige ungdomsforbund som var arrangør.

Deltagerne på lederskolen kom fra hele kretsen. Og så var det noen østlendinger som hadde forvillet seg bortover for å se hvordan det var her på det regntunge Vestlandet. Men de fikk ikke bruke paraplyen før siste dagen. Vi hadde strålende vær — dessverre! Det var nemlig litt hardt å sitte på skolebenken, mens sola steikte på det verste.

— Hvordan var dagsordenen?

— Vi begynte med bønn i kapellet. Så var det bibeltime hvor vi gjennomgikk Kollosserbrevet. Etter at vi hadde fått strukket beina litt granne, så var det et par forelesninger. Der fikk vi innføring i styre-

arbeid. Vi fikk vite hvordan vi skulle lede møter, arrangere spesielle temakvelder og hvordan vi skulle ordne oss, så ikke klubbkassen skulle bli bånnskrapet.

— Så nå er dere altså spesialister i ungdomsarbeid?

— Hadde det bare vært så enkelt, så hadde det ikke vært farlig. Men om ikke vi er blitt sågne superledere, så har vi nå lært litt, får vi håpe?

— Hva er det som er viktigst i ungdomsarbeidet, da?

— Jeg tror det er rett å si det slik at det er viktig å skape et godt, friskt miljø der folk føler seg heime og liker seg. Men det aller viktigste er å få forkynnt Jesus Kristus i dette miljøet.

— Kan du fortelle oss hvordan vi skal gjøre det?

— Andakten må få en sentral plass. Og den må forberedes skikkelig. Vi lærte litt om det. Det ble understreket at vi måtte be hele tida slik at det ble åpen forbindelse til Gud. For først da fikk Gud gi oss noe. Når vi skulle holde andakten, var det også nødvendig å be — be om hjelp til å forkynde Ordet rett. Etter andak-

# Ungdomsside



ten var det viktig å be om at Ordet må få virke blant tilhørerne.

— Å forberede og holde en andakt er ikke det vanskelig for en tenåring?

— Det er vanskelig, men samtidig interessant og givende. Vi fikk oppgitt en tekst, og så skulle vi arbeide ut fra den: Lage tema, sette opp punkter og til slutt utforme andakten.

— Hadde dere ikke fritid?

— Joda, etter middag var det bading og trim. Volleyball var mest populært. Der var vi med hele gjengen. Siste dagen var det fotballkamp mellom ledere og deltagere. Og gjett hvem som vant? — Det var vel lederne det. Slik som de pleier å gjøre! — Å, ta ikke den. De vant, men det var bare så vidt. Dessuten ble fritida mye nyttek til sang og musikk. Så snart det var fritid, var det noen som

tok gitaren og begynte å synge. Så flokket vi andre oss rundt, og så satt vi der og sang og opplevet fellesskapet. Et det ikke rart hvordan en gitar og litt sang sveiser sammen?

Nå begynner Sven Gunnar å legge ut. Og vi er ikke i tvil om at det var «fantastisk», som han stadig uttrykker det.

Og du skulle vært med på bibelgruppene — fortsetter han ivrig — de var fine. Der fikk vi snakke ut om ting vi lurte på. Og slik kunne vi hjelpe hverandre til å tro på Jesus. Vi ble rett og slett glade i hverandre der vi satt og pratet.

— Er det noe du husker godt fra lederskolen?

— Nettverdsgudstjenesta siste dagen. Den kommer jeg ikke til å glemme. Etter en slik uke er det ingen ting som er mer fantastisk enn å få avslutte på kne foran Herrens alter. *Heh.*

## UNGDOMSAKSJONEN — 73

I tida 24.—28. oktober blir det arrangert en rekke møter for ungdom i Arna kirke.

Vi har fått ungdomsprest Rolf Helen Iversen til taler. Ellers blir det mye sang og musikk. Søndag avslutter vi med nattverdsgudstjeneste.

Vi håper dere vil være med å be for denne aksjonen. Be for han som skal være taler. Be for de unge som skal invitere kamerater med seg. Be om at Gud må åpne en dør for evangeliet.

# Barneside



Hallo gutter og jenter! Eg vonar de les kyrkjebladet denne gongen. For frå og med dette nummeret skal vi prøva å ha ei fast barneside med høveleg stoff for dykk born. Kva de vil finna der? Litt av kvart: Små forteljingar, songar, spørsmål, gåter, kryssord eller rebus. Alt dette kjem sjølv sagt ikkje på ein gong. Vi vonar de vil lika noko av dette..

## KVEN ER GUD GLAD I?

Kjersti gjekk flittig på søndagsskulen og i barnelaget. Ho ville gjerne vera eit Guds barn. Det vart ho i dåpen, hadde mor og far fortalt.

Ein dag hadde ho gjort noko som ho så vel visste var gale, og om kvelden plaga det henne slik at ho ikkje klarte å be

kveldsbøna si, og sova fekk ho slett ikkje til. Då mor kom inn, låg Kjersti lys vaken. «Mor», sa ho. «Eg klarer ikkje be kveldsbøna mi i kveld. Gud kan ikkje vera glad i meg lenger, slik som eg har oppført meg i dag.» Då kunne mor roa Kjersti med at Gud var glad i henne likevel, dersom ho berre ville be Gud og kanskje menneske også om tilgjeving for det dumme ho hadde gjort. «Gud er nemleg ikkje berre glad i dei snille», sa mor. «Han er like glad i dei borna som mange gonger gjer dumme ting. Men han vil gjerne hjelpe alle, både born og vaksne, til å bli snille og gode mot kvarandre». «Takk skal du ha, mor», sa Kjersti og bad stille kveldsbøna si før ho sovna, glad til sinns.

JANUS  
du verden for en forskjell!

Merket som holder hva det lover: Velvære, eleganse, styrke og ledig passform i moterike plagg for barn og voksne.

# Barneside



## BIBELEN MIN

Tone: Trond Andersen



Bo-ka om Je-sus er bo-ka for meg. Jer mø-ter Gud meg og vi-ser meg veg.



Bi-be-len pas-sar for li-ten og stor. Al-le som vil kan få hjel-pa Guds ord.

2. Mange slags menneske møter eg der,  
mykke å læra av kvar især.  
Kjærleg og heilag iblant dei Gud rår.  
Han er den same i dag som i går.

3. Men best då er alt det om Jesus for meg.  
Tenk, han var ein gong eit barn slik som eg.  
Men og som Gud, så allmektig og stor.  
Han er ein frelsar for heile vår jord.

Kari Sandvik

## TIL JENTER OG GUTAR

Kan du seia ja? Sjølvsagt.  
Men det er ikkje alltid like lett  
å seia det.

I haust skal det vera noko som heiter aksjon for søndagsskulen. Det vil seia at vi skal gjera noko ekstra for å gjera søndagsskulen kjend og få alle born til å gå der. Denne aksjonen vert samstundes over heile landet i første veka av oktober, og vi kallar det: «Ja til søndagsskulen».

Nå spør vi deg: Har du sagt

ja til søndagsskulen? Går du på søndagsskulen? Og vidare: Vil du få andre til å seia ja til søndagsskulen? Vil du få dei med deg?

Så vonar vi ein ting til: Ja til søndagsskulen må også verta eit ja til å leva med Jesus.


## KYRKA SI NATTENESTE

Har du det vondt og ynskjer å tala med ein prest?  
Ring 23 20 86. Vakt kvar natt  
kl. 23.00—07.00.

# Barneside



## KRYSSORD



### VASSRETT

1. Her voks Jesus opp
7. Preposisjon
8. I hustomta
9. Fekk auga på
12. Teaterstykke
15. Jentenamn
16. Land i Europa (bokm.)
18. Dyr
20. Ikke gammal
21. Elv i Afrika
23. Ikke ute
24. Er ikke blind

### LODDRETT:

1. Tomtegubben
2. Kan ein koka suppe av
3. Preposisjon
4. Spis
5. Frå — til då
6. Rommet til hesten
10. Beretre
11. Sauebukken
13. Pronomen
14. Solbjørg Dahl
17. Fast årleg gardsarbeid
18. Fø
19. Gutenamn
22. På vatnet om vinteren

## ARNA PRESTEGJELD

### Sokneprestkontoret, Indre Arna:

Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30.  
Torsdag kl. 17.30—19.00. Telefon 24 04 00.

### Res. kap. kontoret, Ytre Arna:

Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00  
11.30, tlf. 24 13 25.

### Adresser og telefonar:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre Arna, tlf 24 09 65.

Diakonklokker Thor Storerud, Høgatun 8, Indre Arna, tlf. 24 03 42.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.  
Gravar Emil Dalset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Klokkar Nils Kvamstø, Indre Arna, tlf. 24 10 92.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.  
Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

### INSPEKTØR OTTO HAUKELAND

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET  
**VESTA**  **HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## ARNATVEIT HANDEL

Alt i dagligvarer

Tlf. 240417

Inneh. B. Børdal

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

ARNA PRIVATBANK

## J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer — Verktøy — Beslag  
Sport og camping — Glass og steintøy

# Velkommen til kyrkje \*

- 30.09 Arna: fung. sokneprest Fykse. Presentasjon av konfirmantar.
- 7.10 Arna: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland. Nattverd.
- 14.10 Arna: Ikkje gudsteneste.  
Ytre Arna: domprost Hans Høivik. Prostimøte for Osterøy prosti.
- 21.10 Arna: fung. sokneprest Fykse.
- 28.10 Arna: fung. res. kap. Hitland.  
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse.

## **NOE FOR HELE FAMILIEN**

Vi har gleden av å innby til familieweek-end på Vevlestova, Osterøy. Den blir lørdag og søndag 20.—21. oktober. Sykehusprest Audun Tang med familie blir med oss. De har tidligere vært misjonærer på Sumatra. Vi vil ha program både for barna og de voksne. Meninga er at vi skal få slappe av sammen, bli kjent med hverandre og drøfte aktuelle familie-spørsmål.

Vi kan love dere en billig og fin week-end sammen med andre unge familier.  
Vi ønsker vel møtt!

Påmelding innen 15. oktober til:

HARALD HAUGSVÆR — TELEFON 24 08 15

BRIT TORUN HITLAND — TELEFON 240965